# SISTE INDRE

Organ for Indremisjonsforbundet i Rogaland, Nr 4 2014. Årgang 54




Femti år med leirmoro og Bibel s. 4-5



Fekk gje Silas det beste! s. 8-9



UL-ImF-Rogaland var med! s. 10



Flotte sommarleirar s. 10



Glimt frå Ognatun s.12








imfrogaland.no

# Leder

*Kretsleder Torgeir Lauvås*



## Nærmere

Disiplene kjempet flere ganger om hvem som kunne være nærmest på Jesus. Ønsket om nærhet kunne skyldes både en lengsel etter en sterkere relasjon til Jesus eller ren og skjær nysgjerrighet. Vil vi være nær Jesus? Mer omsorg. Jesus vil ha oss nær seg for å kunne gi oss sin omsorg og kjærlighet. Jesus bryr seg om vår hverdag og våre liv. Han kaller oss til å holde på kontakten og nærheten til ham gjennom alle døgnets timer. Han har omsorg, trøst og veiledning å gi. Han har gitt deg syndenes forlatelse og evig liv, skulle han ikke også få gi deg alle ting?

Jesus utfordrer oss til å tro hans ord. Bibelen har alltid stått under sterk kritikk. I dag driver forskningsmiljø og undersøker den hellige boka opp og ned. Også kristne tar flere og flere sider av Guds Ord med ei klype salt. For mange fører dette til større og større avstand til den instruksjon vår Skaper har gitt for liv og etikk. Jesus utfordrer også i dag til å tro hans ord. Går det an å ha et nært forhold til Jesus og samtidig fjerne seg mer og mer fra Bibelen? Vårt forhold til Bibelen er en avstandsmåler, temperaturmåler og en retningsviser på hvordan vårt forhold til Jesus er og utvikler seg. Jeg drømmer om at vi som er Jesu disipler i dag skal kjenne større og større bibelglede, frimodighet og tillit til den instruksjonsboka for livet og gudsforholdet som Bibelen er. La oss være stolte av den boka. Bruke den, tro den og bøye oss for den.

Nærhet til en fortapt verden. Lever vi nær Jesus vil vi merke at hans fokus er hele tiden å berge flere. Jesus ser daglig på våre naboer, kolleger og venner som lever uten ham. Hans hjerte banker for dem. Å leve nærmere Jesus vil derfor bety å ledes nærmere de fortapte. I hverdagen din møter du mennesker Jesus ser med lengsel på. Da er du der Jesus ber deg å gå. Gjør dem til disipler sa Jesus. Hvordan? Gi dem av din omsorg og kjærlighet. Jesus, som bor i ditt hjerte, vil gjennom deg og andre disipler, vise seg for dem. Det er hans ansvar. Det kan skje ved at du etter hvert får dele din troshistorie med dem. Uansett er det din oppgave å være lys og salt for dem. Da må du være nær dem, og nær Jesus. Be Jesus vise deg hvem du skal være nær.

Indremisjonsforbundet i Rogaland
Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80

Direktenummer:
Anne Berit Aarsland 51 79 38 83
Terje Slettebø 51 79 38 80
Kari Helen Garheim 51 79 38 87
Frøydis Aarsland 51 79 38 82

Bankgironr. 8220.02.80101

Epost: rogaland@imf.no
imfrogaland.no

**Krinsformann:**
Gabriel Pollestad
404 10 290

**Krinsleiar**
Torgeir Lauvås
Tlf 97 17 17 45
Tlf 51 79 38 84

**SISTE INDRE**
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjonsforbundet
Kjem ut 5 gonger årleg
Kontingent kr 250,-
Redaktør: Torgeir Lauvås
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

**OGNATUN**
Mjølhusvegen70
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 80

Direktenummer
Tove Braut 51 79 38 88
Heimeside: ognatun.no
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Tove BrautTlf. 951 00 842

VB VARME & BAD
Bryne Rør A/S
Telefon: 51 77 82 00
E-mail: post@bryneror.no

SUNT OG GODT - FRISKT OG FLOTT
BRU GARD

KROGEDAL
begravelsesbyrå
Kontorer: Bryne/Sandnes/Stavanger
51 97 29 00

Block Berge
VI TAR ANSVAR

Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser- økonomisk rådgivning
ROTT

Odd Narve Grude
Næringsbygg
Tlf.: 90 13 95 19
51 42 37 99

Andakt

Av Randi Klingsheim Bø



# Korleis har du det?

Eg reknar med at du har stilt det spørsmålet eller fått spørsmålet mange gonger. Og svaret er gjerne: «Bare bra», eller kanskje: «Fint, men litt travelt for tida.» I Etiopia, der me budde nokre år, var den faste svarfrasen: «Gud vere lova, eg har det bra!» For mange var det nok helst berre ein frase, men kanskje sa det også noko om at Gud vart teken med i kvardagen, kvar einaste gong dei helste på nokon.

Det er ikkje sikkert me alltid føler for å seia, «Gud vere lova, eg har det bra», når nokon spør korleis det går. Nokre gonger har me kanskje ikkje lyst å blanda Gud inn i kvardagen vår i det heile. Årsakene til det kan vera mange. Det kan vera det er så mykje anna som fyller dagane våre, det kan vera livet er for vondt, eller me tvilar på om Gud finst.

Me kan oppleva at me er langt borte frå Gud, eller at Han er langt borte frå oss. Me veit knapt om me kan kalla oss truande. Me er som ein rykande veik eller eit knekt siv i forholdet vårt til Gud. Desse bileta blir brukte i Bibelen, og dei er gode illustrasjonar. Det kan vera at me ein gong var tent av Jesus, at me stod oppreiste for han. Men av ulike grunnar er flammen slokna eller sivet er knekt. Om me har det slik, er Guds helsing til oss:

**Han skal ikkje bryta eit knekt siv og ikkje sløkkja ein rykande veike før han har ført retten fram til siger.**
Matt 12,20

Gud vil ikkje bryta oss av sjølv om me er knekt. Gud vil ikkje sløkkja trua i oss sjølv om ho berre er glør og røyk og ingen flamme. Gud vil reisa oss opp og tenna oss i brann på ny igjen. Kanskje har han allereie gjort det? Kanskje er flammen tent på ny hos deg? Kanskje har du alltid vore i brann? Jesus har fått halda flammen i live, han har halde deg oppe slik at du ikkje er knekt.

Uansett om me har det slik eller sånn, kan me få ta denne helsinga frå Gud til oss og med oss ut til andre. Det er mange rundt oss som treng å bli tent av Jesus igjen, som treng å bli reiste opp på ny. Dei hadde ei tru som barn, som ungdom, eller som vaksne, men flammen er i ferd med å slokna. Sivet er knekt. Då kan me, etter å ha vore tett inntil Jesus og blitt tent av han, få bringa flammen vidare til naboen vår, til kameraten eller venninna, til ei i familien eller ein arbeidskamerat. Der me er, kan me møta menneska rundt oss der dei er, dei som berre er ein rykande veik i forholdet til Gud, eller dei som aldri har møtt han og blitt kjent med han og tent av han som er lyset i verda.

Me kan be:
Tenn meg Jesus og
send meg Jesus.

reime&lode
Nærbø. Tlf. 51 79 10 10
www.reimeoglode.no

ASTOR
LANDBRUK AS

GM-offshore

Haugstad Eiendom AS
Postboks 37
4369 Vigrestad

Vardheiveien
Eiendom AS

MASKINERING &
SVEISESERVICE A/S

# Femti år med leirmoro og Bibel



*Marit og Irene*



*Ognatun 1965*



*Ognatun i dag*

Av Terje Slettebø

Leirarbeid i 50 år og og fornying og utviding av bygningsmassen var hovudfokuset på Ognatun sin jubileumsmarkering. Søndag 29 juni var omlag 250 personar samla på Ognatun for å markera leirstaden sitt 50-års jubileum. Markeringa starta med prolog som skildra leirlivet på Ognatun. Songevangelistane i Indremisjonsforbundet Marit Stokken og Irene Krokeide Alnes deltok med song og tale.
I talen understreka Irene Krokeide Alnes at Ognatun skulle vera ein stad der unge og eldre kunne få koma og sjå og oppleva Guds herlegdom. Når ho omtalte anlegget og arbeidet syns ho det var riktig å kalla det eit Guds under.

**Starten**
I 1960 gav Wilhelm og Huldeborg Stokkeland ImF-Rogaland (tidlegare Rogaland Indremisjon) gratis tom på Ognana til å byggja leirstad. Arbeidet med bygget starta sommaren 1963, og stod ferdig til innviing laurdag 27. juni 1964. Det var også fest på søndagskvelden, og tilsaman desse to kveldane på innviingshelga for 50 år sidan var 580 personar innom på Ognatun. Dette talar sitt tydelege språk om at bygginga av leirstad var ei stor og viktig hendig i misjonsarbeidet til indremisjonen. Bygget kosta 300 000 kr, av dette vart 100 000 finansiert gjennom dugnadsarbeid.

**Tilbakeblikk**
Gjennom eit historisk tilbakeblikk fekk forsamlinga sjå bilete frå straten av utbygginga på Ognatun, der ein på dugnad, men enkle maskiner gjekk i gang og opparbeida tomta. Hovudbygg, internatbygg og matbygget som det siste i 2012 har vakse fram og utgjer Ognatun i dag.
Denne utvikling på leirstaden har vore mogleg på grunn av stor dugnadsinnsats

NorProfil AS

RIANOR AS

WALDELAND MASKIN



Tlf: 90 79 61 44

opp gjennom alle år, og eit stort engasjement hjå misjonsfolket som heile tida har sett på Ognatun som viktig for å nå ut til barn og unge med Bibelens bodskap.

**Leirarbeidet**
I tilbakeblikket vart det også fokusert på leirarbeidet. Dette har vore hovudsaka på Ognatun gjennom 50 år. Mest barneleirer, men også samlingar for vaksne og eldre. Det kom tydeleg fram at grunntanken med leirarbeidet var at dei unge skulle ha det kjekt saman når dei kom på leir, samtidig som ein ynskja at dei unge skulle få bli kjent med Jesus. Leirane på Ognatun har difor våre ei blanding av skjemt og alvor. Bibeltimer, mykje song, aktivtetar, leirkveld med mykje moro, og møter med andakt har følgt leirlivet gjennom 50 år.
I lite overslag viser at mellom 40-50000 barn har vore innom på leir i løpet av denne tida.

**Ognatun i dag**
På jubileet vart det understreka at aktivitetane på Ognatun ikkje berre er historie, men at arbeidet på Ognatun blomstrar i dag. Leirane er populære og der er god påmelding også i jubileumsåret. Med den nye matsalen er anlegget blitt enda meir populært som lokale både for bryllaup, konfirmasjonar og andre private selskap. Krinsleiar i ImF-Rogaland sa i si helsing at det er ein sprek og oppegåande leirstad som rundar 50 år. I jubileumsgåve til Ognatun kom det inn kr 52.000, noko som viser at misjonsfolket vil stå bak leirstaden og arbeidet der også inn i framtida.

**Astor Industri Eiendom AS**

**Pål Hatteland AS**
**Entreprenør**
Mob 99278710

**H. Reinertsen**
LASTEBILTRANSPORT
EGERSUND

**Inspirasjonssamlingar på Ognatun:**

# Kan Gud få bruka ditt liv som sin penn?

Av Terje Slettebø


*Aud Karin Kjølvik Ringvoll (Arkivfoto)*

«Skriv din historie med mitt liv» var tema for Aud Karin Kjølvik Ringvoll sin tale på inspirasjonssamlinga på Ognatun 28. aug. Ein raud tråd i talen var setninga «Som Faderen har sendt meg sender eg dykk» -Ditt liv er ikkje ditt, du har fått det av Gud som ynskjer å bruka det som sin penn, slik at det kan bli til frelse og oppreisning for andre menneske, understreka Aud Karin
I talen fekk ho klart fram at vi er sendebod for Jesus, 2. Kor 5.20. Vi treng å be: «Herre gje meg dine auge, Herre gje meg din munn.» ho oppfordra oss til å vera lydhøyre og lydige. Og til å leva nær Herren, slik at ein lærer å kjenne Guds tankar og hans grenselause kjærleik. Slik kan Gud få skriva sin historie gjennom våre liv.
Ho tok utgangspunkt i kva som er Guds historie. Han er skaparen av alt. Gud er historien sin Herre. I sin son gjekk han omkring i vår verden i 3 år. Det var Gud som i sin son lei, døydde og stod opp. Det er Gud som held denne verden oppe. Frelseshistorien er den røde tråden gjennom historia. Gud skriv historie i dag når han skaper møtestader mellom menneske og vi deler noko frå Jesus med andre.
Aud Karin oppfordra oss til å sjå stort på livet. –Du finst fordi Gud ville det, sjå stort på livet for det er gitt av Gud. Og vi skal få gå i gjerningar som Gud føreåt har lagt ferdige for oss. Ef 2.10 Vi lever ikkje lenger for oss sjølve, men for han som døydde og stod opp for oss. Gjer det besta ut av situasjonen slik den er i ditt liv akkurat nå. Og vær frimodig når nye dører opnar seg for deg.

Johan Halsne måtte melda forfall p.g.a sjukdom til den første inspirasjonssamlinga 26. aug.
I staden vart det vist ein tale som Annie Skau heldt i 1985. Tema var «Gud kan» og var eit mektig vitnesbyrd om kva Gud kan. Ein tale også dette til inspirasjon.
Etter møtesamlingane gjekk vi inn i matsalen og samlast rundt småbord. Der fekk vi god prat over ein kaffikopp og noko godt å bite i. Etter kvart gjekk vi over til å dele nattverd rundt bordene før vi samtalte ut frå eit samtaleopplegg utarbeida for kvar kveld. Kveldane vart avslutta med bønnestund. Det var høgtid over å dela nattverden, og det var godt å dela tankar og opplevingar ut frå det ein hadde høyrt forkynt. Slik fekk vi alle prøve det nye samtaleopplegget som krinsen har utarbeida. Og opplegget kan brukast når ein samlast i grupper/på småmøter utan talar og slik vera til hjelp og inspirasjon for kvarandre.

# ImF Varhaug 90 år

Av Torgeir Lauvås



Søndag 7 september var det flott jubileumsfest på Varhaug Misjonshus for ImF Varhaug. Erik Furnes talte og Hananja sang til en stor forsamling. Mange varhaugsbuer hadde møtt opp, men det var også tilreisende fra flere nabobygder på Jæren.
I den historiske gjennomgangen som ble holdt av Tor Selmer Olsen, var det fint å høre om de mange møtekampanjene som hadde satt spor. Folk var blitt frelst, men også foreninger, kor og ungdomslag hadde blitt stiftet i kjølvannet av møteaksjoner som ble forlenga og som berørte forsamlingen. ImF Varhaug er et flott arbeidslag på Varhaug som bidrar på mange måter til kretsen og Ognatun, men som aller mest ønsker å prege bygda si og familiene der. Blant annet har de drevet kurskvelder om trosformidling i hjemmet sammen med andre organisasjoner på Varhaug i det siste. Guds velsignelse over arbeidet og lengten etter å dele Jesu omsorg og budskap med folket dere bor blant på Varhaug.

# LEIRER PÅ OGNATUN HØSTEN 2014

| | | | |
|---|---|---|---|
| Førjulsleir 1 | 2.-4.kl | 21.-23. nov. | Påm. frist 27.okt. |
| Førjulsleir 2 | 3.-5.kl | 28.-30. nov. | Påm. frist 03. nov. |
| Førjulsleir 3 | 5.-7.kl | 12.-14. des. | Påm. frist 17. nov. |

**Pris: Førjulsleir: 750 kr**
Du kan melde på maks 4 pers. pr. påmelding.
Vi trenger navn, full adresse, fødselsdato og tlf. nr. til 2 forelder/foresatte. (helst mobil nr.)
Etter påmeldingsdatoen trekker vi vilkårlig hvem som får bli med på leir. Vi sender brev for å fortelle om du har fått plass eller ikke, derfor er det viktig at vi får full adresse på alle personene dere melder på. Oppgi en kontaktperson for gruppa, slik at vi kan gi beskjed dersom du ikke har fått plass på leir. Gi gjerne beskjed hvem du ønsker å ligge på rom med.

**Meld deg på:**
Vår hjemmeside: www.imf.no/rogaland
Post adressen er: ImF – Rogaland, Mjølhusvegen 70, Ogna, 4364 Sirevåg
Mail adresse: rogaland@imf.no
Tlf: 51 79 38 80
Merk henvendelsen med: LEIRPÅMELDING.
Ta gjerne kontakt hvis det er noe du lurer på.

Kontortid: Mandag – fredag fra kl 09.00-15.00
Barn/Ungdom med funksjonshemming som trenger assistanse til personlig hygiene/ADL skal ha med egen assistent.



## VIKTIG INFO OM FØRJULSLEIR:

**Juleverksted eller Blåtur.**
Også i år kan du velge om du vil bli med på Juleverksted, der vi lager julepynt og julegaver, eller om du vil bli med på Blåtur. Med Blåtur, mener vi at vi tar en tur ut i det blå, og at du ikke får vite hvor vi skal. Det er en hemmelighet!:-) Du må gi beskjed når du melder deg på om du vil bli med på tur eller på juleverksted. Prisen på leiren er den samme uansett hvilken aktivitet du velger. Gled deg!

## Økonomien

Inntektene pr 01. aug. i år er på 2 084 707. Dette er ein auke på 189 179 kr (9,1%) samanlikna med 2013. Men 139 210 kr etter inntektsbudsjettet.
Utgiftene i same tidsperiode er på 2 545 617. Dette er ein auke på 55 445 (2,2%) samanlikna med 2013. Dette er 198 716 kr under utgiftsbudsjettet.

Dette gjev eit driftsunderskot så langt i år på kr. 464 911. Det betyr at vi nå ved starten av haustsemesteret ligger 165 000 over budsjettet for krinsen, der ein har budsjettert med eit årsunderskot på 238.000 kr.

Det er inspirerande å liggja framfor budsjett, og vi håpar krinsen kan klara dette ut året Med ein god økonomisk haust er det mogleg å nærme seg balanse i rekneskapen for 2014.
I dette nr. av bladet legg vi med giro for haustoffer. Budsjettet for haustofferet er kr. 40.000.
Hjarteleg takk til alle som står med i arbeidet i offer og forbøn!

TS




TIME SPAREBANK
- for Jæren
Tlf.: 51 77 91 00 - www.time-sparebank.no

# OGNATUN

**Julebuffet**
**m/dessertbord og kaffe**

**Onsdag 03. des kl. 19.00**
**Søndag 07 des kl. 12.30**

**Forhåndsbestilling/ reservering av bord innan 28. nov.**
**Pris kr 395,- vaksne**
**kr 200,- 4.-12 år**
**kr 110,- 1-3 år**



**Velkomen!**

## TAKKE FOR:

- 50 år med leirarbeid på Ognatun
- UL
- Pit Stop
- Lokale styrer og kontaktpersonar
- Fritidsforkynnarane

## BE FOR:

- Ognatunbasaren og Ognatunforeining
- Leiarane i barnelaga
- Arbeidet i ungdomslaga
- Dei Kristne i Syria og Irak
- Bibelskulen Bildøy.







**VIGRESTAD BYGG**
WWW.VIGRESTADBYGG.NO
Tlf: 958 19 505

*Erna Holen Gartneri*
Ree - 4340 Bryne
Tlf.: 51 48 23 26
Fax.: 51 48 75 96
Mob.: 924 95 481
– Blomster for enhver anledning –
Brudebuketter • Buketter • Dekorasjoner • Kranser

din trafikkskole
Tlf.: 464 22 022

**Vigdel Engineering AS**
**Telefon 46 41 18 19**
**Egil@vigdelengineering.no**

**JG MASKIN**
Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



# Fekk gje Silas det beste!

Silas, guten til Anne og Helge Dagsland fekk berre leve 15 minuttar. Men foreldra er glade for at dei fekk gje han det besta. Anne fekk gje han trygghet i om lag 8 månader medan han vaks i hennar mage. Helge fekk - på dei få minuttane han levde - døype Silas og gje han til Kristus.

● Tekst og foto: Terje Slettebø



*Anne og Helge Dagsland*

Vi får møte Anne og Helge på Vigrestad, saman med sonen Ruben på 14 månader, heime hjå mor til Helge, dagen før dei reiser tilbake til misjonærteneste for NLM i Arequipa i Peru. Nå har dei vore heime i Noreg og hatt gravferd for Silas, som døydde 6 veker tidlegare. Det har vore godt for familien at dei har fått vore i Noreg desse vekene, og ha fått bearbeida sorga i lag med slekt og venner.

**Tøff beskjed**

Det var etter ultralydundersøkelse i veke 26 av svangerskapet at ekteparet fekk beskjed om at alt ikkje var som det skulle med fosteret i Anne sin mage. Diagnosen fosteret fekk var akondroplasi, kortvaksen. Anne og Helge fortel at det var tøft å få denne beskjeden, og dei søkte på nettet for å finna mest mogleg informasjon om denne diagnosen. Dei var og i kontakt med Sunnås sjukehus for å få informasjon og råd.

**Fekk namn**

Helge skreiv blogg og fortalte på den om kva diagnosen dei hadde fått, og kor tøft og utfordrande dette var. –Vi fekk mange treff på bloggen og følte at mange brydde seg om oss. Både på bloggen og på Facebook fekk vi mange kommentarar, så vi merka vi var ikkje aleine. Vi merka og at mange bad for oss. Alt dette var til stor hjelp, sjokket la seg, vi kunne begynna å gleda oss til å få barn nummer to, sjølv om vi og hadde tøffe dagar. I denne perioden gav vi han namnet, Silas, og det var viktig og godt for oss at babyen vi venta på hadde eit konkret namn, fortel ekteparet.

**Komplikasjonar**

Når fødselen nærma seg, vurderte dei om fødselen skulle skje i Peru eller om dei skulle reise heim til Noreg. Dei valde å bli i Peru. -Vi hadde fått visst at det kunne bli komplikasjonar under fødselen, særleg med pusten til babyen, og vi hadde fått høyrt om andre med denne diagnosen som ikkje overlevde fødselen, så vi var forberedt på at fødselen kunne bli kritisk.

**Dåpen**

Fødselen skulle skje med keisarsnitt, alt såg bra ut før fødsel. Helge stod utanfor operasjonssalen og følgde keisarsnittet gjennom eit lite vindauga i døra. Når operasjonen var over, vinka legen Helge inn, og han forstod med ein gong at noko var veldig galt. Tilstanden til Silas var ikkje foreineleg med liv, skjelettet til kraniet hans var for svakt og mjukt.. Han spurte Anne om dei hadde sagt noko til henne, det hadde dei ikkje, men ho forsto og at noko var veldig galt. Helge spurte om Silas levde, det bekrefta legen. Då sa Helge at han ville døypa Silas, dei fant vatn, og Helge fekk døypa Silas før han trakk sin siste pust. Slik fekk dei gje Silas det beste mens han levde, dei fekk gje han til Kristus, og dei fekk gje han Guds velsigning.

**Filmer dåpen**

Helge er så roleg og klartenkjande at medan Silas ligg på eit bord, døyper han Silas med den høgre handa og filmar dåpen med kameraet i venstre handa. Denne filmen har vore til stor trøyst og hjelp både for dei sjølve og nærmaste familie. For Anne og Helge er det godt å veta at dei kunne ikkje gjort noko annleis, Silas døydde ikkje på grunn av ein feil eller ulykke, han vart født i ein tilstand som ikkje var foreineleg med å leva.
Anne er klar på at det var ikkje bortkasta tid ho gjekk gravid med Silas. -Eg er glad for desse månadane eg fekk ha Silas i magen min og gje han trygghet og omsorg. Det var godt å vera i Peru når vi fekk diagnosen på Silas, for der fekk vi ikkje spørsmål om abort og oppfordring til å avslutta Silas sitt liv ved eit abortinngrep. Det hadde kanskje vore annleis om vi hadde budd i Noreg, seier Anne med ettertanke.

**Tilhøyrar Kristus.**

Gravferda var i Tjensvoll kapell, Gravstein er allereie på plass. Der står det: «Tilhøy-

rer Kristus». For Anne og Helge er det godt å veta at Silas er med Jesus og har det godt nå. – Himmelen har kome litt nærmare, ein del av oss er der nå. Håpet vårt er blitt større. Vi er blitt minna om kva som eigentleg tel. Det viktige er å tru på Jesus slik at ein kan få lov å koma til himmelen, understrekar dei i lag.

**Håp**

Anne seier at ho har fått eit styrka forhold til Jesus gjennom det dei nå har opplevd. –Gud er større enn oss, men Gud er der og vi får leggja alt over på han. Før keisarsnittet fekk ho ordet i Jer 29.11 «Eg vil gje dykk framtid og von». Midt i det vonde har dei eit håp når Silas er i himmelen, og ho opplever at det gjev håp å merka at Gud er med dei gjennom dei vanskelege dagane.

**Tilbake til Peru**

Nå skal dei tilbake til arbeidet i Peru. Helge underviser på det teologiske seminaret i Arequipa. Anne arbeidar i eit Norad støtta familieprosjekt som driv kurs og undervisning for å styrka familieforhold. Det dei nå har opplevd, utfordrar dei i forhold til jobbane dei har. I Peru skal ein vera sterk og ikkje snakka om sorga. Nå er Anne og Helge sin erfaring at det er godt å setja ord på sorga og dela den med andre.

**Sorgreaksjonar**

Ekteparet Dagsland opplever likevel at det kan vera ein styrke å ha både Norsk og Peruansk kultur med seg i sorga. Det har gitt litt andre perspektiv over sorga, medan ein i Peru skal vera sterk kan ein i Noreg vera svak. Dette har og hjelpt oss til å forstå at sorg er individuell og forskjelleg. Dagane er forskjellige, og kjenslene går litt opp og ned. Ekteparet vektlegg at det har vore godt å ha ein son, for det hadde kanskje vore tomare viss dei hadde mista fyrste ungen. Sidan han ikkje har forstått så mykje av kva som har skjedd, så har han hjelpt oss til å tenkja på andre ting og. Vi har og hatt gode folk rundt oss, og vi er glade for at vi kan sei at vi også har gode dagar midt i alt, og det er vi takksame for, seier Anne og Helge.

SONDRE
ÅRSLAND
TLF. 930 25 968
MASKIN AS
GRAVE-BETONG ENTREPRENØR

**Oppfordring frå Opne Dører:**

# Be for Irak!

Som dere kjenner til er situasjonen for kristne trossøsken i Irak fryktelig vanskelig. De grusomheter vi ser akkurat nå, er nesten helt ubeskrivelige.
Kristne hjem og bygninger blir merket med bokstaven N («nun»), som et tegn på at her er det fritt fram.
Jenter blir tatt som slaver og blir tvangsgiftet med muslimske menn, etter at de først har sett sin familie bli slaktet.
Vi hører om massedrap, korsfestelser og mange andre bestialske hendelser mot mennesker – fordi de kommer fra kristne familier. Omfanget av disse skrekk-scenarier mangler nesten sidestykke i moderne historie.
Åpne Dører jobber kontinuerlig med å støtte kristne i Irak, på samme måte som andre steder hvor kristne blir forfulgt.
Men i denne ekstreme flyktninge-situasjonen setter vi inn store ekstra ressurser. Til nå tar vi hånd om mer enn 2000 flyktninge-familier.
Vi oppfordrer folk, menigheter og forsamlinger gjennom denne mailen til å være med i bønn for situasjonen i Irak.







# Julefeiring Ognatun

Også i år planlegg vi i Imf-Rogaland å arrangera fleirkulturell julefeiring på Ognatun 24.-25. des. Vi treng fleire personer/familiar som kan vera med som vertskap på arrangementet. Kan dette vera ei oppgåve for deg/din familie? Ta kontakt med oss på kretskontoret tlf. 51 79 38 80.



# ImF-Rogaland var med på UL

Tekst: Terje Slettebø
Foto: Christoffer Lehre

Ungdommens Landsmøte i Kongeparken 29.juli til 02. august er Norges største kristne arrangement for ungdommar. NLM og ImF er arrangørar. Ungdommane som kjem på UL får lytte til mykje forkynning gjennom kveldsmøter og bibeltimer. Konserter og seminar var og viktige innslag. I tillegg var det god tid til å treffa venner og til sosialt samvær. Mange unge fekk hjelp i sitt kristenliv under arrangementet, og fleire fekk hjelp til å bli kristne. Veldig kjekt at ImF-Rogaland var synlege på UL. Kari Helen Garheim var møteleiar saman med Trygve Halsne på fredagskvelden. Mange som gjekk forbi ImF/ImF-Rogaland sin stand møtte Rasmus Pollestad jr, som tok eit stort ansvar for standen vår.



*Kari Helen Garheim og Trygve Halsne er møteleiar på UL*




*Kari Helen Garheim intervjuar rektor på Bildøy, Gunnar Ferstad.*

# Flotte sommarleirar

I juni fekk vi ha 3 flotte sommarleirar på Ognatun med til saman 136 deltakarar. Motto for leirane denne sommaren var «Stol på Gud» Det var fint å få formidla Bibelen sine sanningar til barna om at dei kan stola på Gud under alle forhold i livet. På leirane fekk og deltakarane kosa seg med mange kjekke aktivitetar. Bileta viser glimt frå leirane på Ognatun denne sommaren.











# Reiseruter hausten 2014

**Anne Berit Aarsland**
Sept:
19.-21. Input-Output, Sandnes

Nov:
04. ACTA klubben, Nærbø
06. Sokndal, Barnetimen
12. Ombo, Yngres
16. Ognatun, Storsamling
18. Matningsdal, Yngres
21.-23. Ognatun, Leir
25. Fredheim, VING
26. «På Guds dreieskive»

Des:
05.-06. Julemessa, Saron
24.-25. Julefeiring Ognatun

**Kari Helen Garheim**
Sept:
03. «På Guds dreieskive»
09. Vigrestad, Yngres
16. Kretsstyremøte
19.-21 Input-Output, Sandnes
22. Riska, Yngres
28. KRIK Vigrestad

Okt:
04. Ræge, HITS
14. Felles styremøte
29. Ombo, Yngres

Nov:
04. Matningsdal, Yngres
10. Hellvik, Yngres
26. «På Guds dreieskive»

Des:
02. Matningsdal, Yngres
05.-06. Julemessa, Saron
12.-14 Ognatun, Leir

**Anne Birgitte Auestad**
Sept:
03. «På Guds dreieskive»
06.-07. Ognatun, Leir
16. Varhaug, Homlabølet
17. Sokndal, Basar
19.-21. Input-Output, Sandnes
23. Matningsdal, Yngres
28. Nærbø, Fargeklatten

Okt:
01. Høyland, Intro
02. Sokndal, Barnetimen
14. Felles styremøte
17. Orre, basar
23. Vigrestad, Fuglareiret
24. Matningsdal, Yngres

Nov:
04. Orre, Lykkeliten
16. Ognatun, Storsamling
18. Kretsstyremøte
26. «På Guds dreieskive»

Des:
05.-06. Julemessa, Saron
7. Matningsdal, Søndagsskule

**Torgeir Lauvås**
Sept:
02. Lederveiledning, Bergen
03. «På Guds dreieskive»
07. Varhaug, jubileumsfest
11. Nærbø
11 Varhaug, Spiren
16. Kretsstyremøte
19.-21. Klepp stasjon
25. Riska, Alpha
26.-28 Ognatun, Tenleir/Egersund

Okt:
01. Riska, Alpha
09. Lauvås
14. Kretsstyremøte
15. Riska, Alpha
17.-18. Suldal
20. Orre, Yngres
22. Riska, Alpha
29. Riska, Alpha

Nov:
01. Riska, Alpha
02. Klepp stasjon
05. Riska, Alpha
12. Riska, Alpha
14.-16 Sirevåg
16. Ognatun, Storsamling
18. Kretsstyremøte
19. Riska, Alpha
21.-23. Ræge, Forsamlingsweekend
26. «På Guds dreieskive»

Des:
03. Riska, Alpha
05.-06. Julemessa, Saron
07. Egersund

**Johan Halsne**
04.-09/11. Bore

**Per Åge Berge**
22. og 24/10. Ræge

**Elisabeth Hauge**
09/09. Matningsdal, Yngres

**Solveig Hosøy**
26.-28/09. Ognatun, Tenleir

**Hilde Hetland**
29/09. Verdalen, Yngstes
25/11. Ving, Fredheim

**Gunhild Lauvås**
01/10. Ræge, Onsdagsklubben

**Siv Anita Kindervåg**
27/10. Brusand Barnelag

**Renate Austbø**
18/09 Lyngen jenteforening

**Magne Wold**
14/09 Egersund

**Petter Olsen**
14/09 Malmheim
31/10 Orre
02/11 Orre
13/11 Nærbø

**Egil Vigdel**
28/09 Malmheim

**Reidar Røyland**
28/09. Vigrestad, Haustfest
19/10. Ræge
23/10. Ræge

**Svein Arne Fasseland**
19.-21/9. Brusand

**Alfred Salte**
19/9.Ognedal, Bedehusetsdag
9/10. Nærbø

**Holger Kjølvik**
01.-02/10. Matningsdal

**Ivar Berland**
29.-30/10. Orre

**Bjarne Ydstebø**
04.-05/10 Lauvås

**Leiv Roald Thu**
12/10. Egersund
12/12. Brusand

**Eivind Volle**
18.-21/9. Sokndal
31/10-01/11. Frafjord

**Erik Furnes**
17.-19/10. Egersund

**Gunnar Ferstad**
05.-06/12. Julemessa, Saron
07/12. Bedehuskyrkja, Saron

**Johnn Hardang**
17.-19/10. Sokndal

**Aud Karin Kjølvik Ringvoll**
12.-13/11 Vigrestad

**Ingbjørn Vingen**
05.-09/11 Helleland

**Marit Stokken og Irene Krokeide Alnes**
10.-21/9 Talgje

**Bjarte Vesetvik**
12.-14/12 Ognatun, leir

**Per Gunstein Nes**
14.-16/11 Vigrestad

**Nils Håkon Urang-sæter**
03.-07/09 Varhaug

**Berit Sundet Olsen**
28.-30/11 Varhaug

**Olaf Aamodt**
26-28/9. Egersund



**Marit og Irene:**
**Førti år på veien**

**FOR JESUS**
**Jubileumsmøter**

29.10 Nærbø bedehus kl. 19.00

30,10 Tau bedehus kl. 19.30

31.10 Åkrehamn bedehus kl. 19.00

Kollekt til Bildøy Bibelskole!

**Grude Gartneri**
**Brekkeveien 18**
**4353 Klepp Stasjon**

**Trenger du regnskapsfører?**
Besøksadresse:
Torget 5, 4340 Bryne
Nordsjøveien 2671,
4360 Varhaug
Welhavensv. 19, 4319, Sandnes
Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no
JÆRØK
www.jarok.no
NARF

Le Service A S
Leplanting
Hageanlegg
Kompoststrø
4362 Vigrestad
Tlf.: 51 43 75 89 - Fax 51 43 66 53
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

B-BLAD

Returadresse:
ImF Rogaland
Mjølhusvegen 70
4364 Sirevåg

# Glimt frå Ognatun



***Kaffidrøs:***
*Den 10.-12. juni var det «Seniorane» som inntog Ognatun. Gode samlingar både åndeleg og sosialt. Her er dei samla i matsalen til kaffi og god drøs. Veldig kjekt at vi hadde fult hus på Ognatun på Seniorlerien.*



***Marknadsdag***
*Marknadsdag på Ognatun er i ferd med å bli ein tradisjon. Onsdag 18 juni kunne ein få kjøpt både god mat, grønsaker og blomstar. Bilde viser nokre av gjenstandane som var på auksjonen.*



***Reggie og Ladye***
*Tysdag 5. aug. var ein fin flokk samla til konsert på Ognatun. Vi hadde besøk av Reggie & Ladye Love Smith frå USA.*



***Muren på plass***
*I sommar fekk vi på plass forstøttningmuren ved snuplassen for varelevering til matbygget. Nå i haust skal området asfalterast og området skal ferdigstillast.*



***Tysk sangstund***
*I løpet av sommaren hadde vi besøk av to tyske grupper som var 12 dagar kvar på Ognatun. Dei leiger internatbygget og steller seg sjølv. Her ser vi ei av gruppene samla til møte i finværet. Kjente kristne songar lydde på tysk utover tunet.*

